



SJO HUS OG HYTTEUTLEIE Kjell Henning Sjo
Postboks 89

5484 SÆBØVIK

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Vilde Røyrvik Grøtte	473 56 236	2022/6655-3		16.03.2023

Vedrørende søknad om seksjonering - 192/199

Beklagar seint svar på dykkar søknad om seksjonering av eigedom 192/199.

Jf. eigarseksjonslova kan ein berre seksjonera til føremåla **bustad** eller **næring**. «Bustad» vert rekna som heilårsbustad eller fritidsbustad. «Næring» omfattar alle andre føremål enn «bustad» (*definert i Eierseksjonsloven § 4, f og g*). Bygga de ønskjer å seksjonera til «bustad» er godkjente som «camping/utleiehytte», denne bygningstypen går ikkje under føremålet «bustad», men som «næring».

For å seksjonera desse bygga lyt de difor sende inn revidert søknad om seksjonering til seksjonar med føremål «næring», og ikkje «bustad». I tillegg er arealet i gjeldande reguleringsplan sett av til arealføremål «bevertning», dette er ikkje i samsvar med føremålet «bustad» (*jf. Eierseksjonsloven § 7, g*).

De lyt og senda inn rekvisisjon på oppmålingsforretning for tilleggsareala i grunn. Det er ikkje nødvendig å halda oppmålingsforretning i marka (*jf. § 40 1(a), i matrikkelforskrifta*) sidan de allereie har koordinatar på grensene til areala, men det er opp til dykk om de ønskjer dette eller ikkje.

Alternativet til dette vert å halda oppmålingsforretning som vanleg, der alle partar får moglegheit til å møte opp og punkta vert merka med godkjente grensemerker. Eg har lagt ved skjema de kan nytte til rekvisisjonen. Fint med ei tilbakemelding på kva de ønskjer her, anten på telefon/e-post eller at de skriv de i rekvisisjonsskjemaet.

Det er og fint dersom de sender meg koordinatar (som ligg i søknaden om seksjonering) på utearealet/tilleggsarealet på e-post.

vilde.royrvik.grotte@kvinnherad.kommune.no

Ta gjerne kontakt om de lurar på noko! 😊

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Vilde Røyrvik Grøtte
Saksbehandlar geodata

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.